

Årsmelding 2019

Kinsarvik Bygdekvinnelag

Årsmøtet

Årsmøtet 2018 vart halde i Fjordahallen 12.11.18.

Det møtte 21 medlemmer.

Vanlege årsmøtesaker og val.

Val

Dei 3 i styret som stod på val var : Helene Olsen , Gunn Berit Beck og Anne Brandt. Helene Olsen og Gunn Berit Beck tok attval, Anne Brandt tok ikkje attval. Det lukkast ikkje valnemnda å få inn ein ny medlem i styret. Derfor vart det gjort følgjande vedtak:

Vedtak: Det vert 5 medlemmer i styret komande år. Helene Olsen står ikkje på val i styret neste år, men som leiar står ho på val kvart år.

Merknad: Dette vart gjort for at me ikkje skal koma i den situasjonen at 4 stykk kjem på val neste år. No vert det 3 som står på val og 2 som ikkje står på val.

Som vara tok Gerd Solberg attval, medan Åshild Mæland tok ikkje attval. Her kom Kirsti K. Nedrevåg inn som ny vara.

I valnemnda stod Kirsti M. Lutro på val, ho tok attval.

I turnemnda stod Margrete Øvstedal på val, ho tok ikkje attval. Anne Brandt stod ikkje på val, men ho sa frå seg vervet. I turnemnda vart Hildegun Sandstå og Gudrun Halland valt inn.

Som revisorar stod Kirsti M. Lutro på val, ho tok attval.

Styret for 2019 vart sett saman slik :

Leiar : Helene Olsen

Nestleiar : Gunn Berit Beck

Kasserar : Gudbjørg Grønsdal

Skrivar : Jorunn Nornes Opedal

Studieleiar : Margareth Moberg

Ansvarleg for laget si heimeside : Gudbjørg Grønsdal

Varafolk : 1 Gerd Solberg
 2 Kirsti K. Nedrevåg

Valnemnd : Kirsti M. Lutro, Elin L. Skår

Turnemnd : Hildegun Sandstå og Gudrun Halland

Revisorar : Kirsti M. Lutro og Audhild Buddenbaum

Etter at valet var unnagjort , hadde me matøkt, der me fekk servert fingermat frå Spar og kaffi og kaker.

Andre saker

Årsplan

Referat og kostnader- jubileumsfesten

Gudbjørg viste biletet frå jubileumsfesten og andre aktivitetar gjennom året.

Laget har dette året hatt 35 medlemmer. 1 medlem har meldt seg ut, og 3 nye har meldt seg inn. Kontingenget vert no kravd inn sentralt og har vore kr 680, kr 130,- går til HBK.

Laget betalte alle utgiftene til mat på årsmøtet , og har heller ikkje teke loddpengar /kaffipengar på medlemsmøta, med unntak på aprilmøtet og oktobermøtet.

Styret har hatt 5 styremøte, og 4 planleggingsmøte saman med Bu /Ringøy bygdekvinnelag og hovedmatnemnda for Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Elles ein god del kontakt via telefon og e- post.

Laget har hatt 8 medlemsmøte , inkludert 2 bakedagar i eldhuset . Me har skipa til eller delteke i 5 arrangement.

Medlemsmøte laget har hatt gjennom året :

1 Adventsmøte i Borstova 11.12.18.

Medlemmene hadde bede med seg gjester , og det møtte 26 stk. Me heldt til i Fjordahallen.

Program: Bjørg Børve Dvergsdal viste oss korleis me kunne laga dørkransar m.m. Det var full aktivitet rundt borda og resultatet vart bra. Me serverte risengrynsgraut, kaffi og kaker.

2 Medlemsmøte 14.01.19.

Møtet vart halde i Borstova. Me hadde fått fysioterapeut Ida Urheim til å koma å visa oss førebyggjande øvingar. Aktivitet gir mange helseeffektar både psykisk og fysisk. Ho viste oss øvingar, og gav oss øvingane på ark, som ho anbefalte oss at me burde gjera 1-2 gonger i veka. Det hadde vore fint om me kunne gå saman fleire å laga eit miljø rundt dette.

3 Medlemsmøte 11.02.19.

Møtet vart halde i Borstova, det var eit ope møte, der blant anna mange frå strikkeklubben møtte. Margareth Moberg kåserte om «Ull og strikking». Ho hadde vokse opp i ein strikkehjem og rundt Dale fabrikkar, der mor hennar strikka modellar til fabrikken. Ho fortalte om reisene sine til Orkenøyane, Shetland, Island, Færøyane og Hebridene. Desse stadene har lange tradisjonar med sau, ull og strikking.

4 Medlemsmøte 11.03.19.

Møtet vart, halde i Heradsstyresalen /kantina. Denne kvelden hadde me fått Brita Helleland til å koma å fortelja om arbeidet sitt for FNs Høgkommisær for Flyktninger. Ho fortalte frå den perioden ho var i Sudan. Ho og hennar medarbeidarar arbeidde med helse, skule, vatn og tilbakeføring av flyktningar. Det var eit interessant og tankevekkjande føredrag med fine bilete. Me var fulle av beundring for hennar mot og innsats.

5 Ope møte i Fjordahallen 09.04.19.

Dette var eit møte i samarbeid med Erika Alnæs og biblioteket. Det møtte 30 stk. Mette Nygard Havre heldt føredrag om temaet « Matsvinn og plast». Ho er bl.a. leiar for folkerøsla »Spis opp maten» og selskapet »Grønne verdier» Mette har fått mykje merksemnd etter at ho fekk ein del av matindustrien til å endra datomerkinga frå «Best før, men ikkje dårleg etter». Ho kom inn på små og store tiltak i kvardagen som kan føra til endringar.

6 Blåtur 28.05.19

Hildegun Sandstå og Gudrun Halland var i turnemnda og hadde førebudd ein kjekk blåtur.

Første stopp var Vetlalø på Mannsåker. Her tok vertinna, Brita Gjerding i mot oss. Ho fortalte om garden, og me fekk kjøpa oss kaffi og kaker. Deretter gjekk turen over fjellet til Røldal. Me var innom Bokbua Kalvatræet litteraturhus. Gunvor Øvregård tok i mot oss og fortalte om den vesle husmannsstova. Etterpå var me innom eit museum der Oddbjørn Lynghammar fortalte. Til slutt fekk me oss middag på Skysstasjonen. Dette var ein vellukka tur på alle måtar.

7 Bakedag i eldhuset på Bråvoll 12.06.19.

8 Bakedag i eldhuset på Bråvoll 13.06.19.

Arrangement som laget har skipa til , eller delteke i:

1 Jolegateopning 01.12.19.

Me selde jolekaker, mjølkekaker,kristorn, sylta og jubileumshefte ved Gløyp. I tillegg hadde me nokre gevinstar på bok. Medlemmene hadde på førehand baka jolekaker, mjølkekakene steikte me på staden.

2 Kakebasar ved Borstova 15.06.19.

Som vanleg stilte mange av medlemmene med kakebakst og blomar. I tillegg hadde me ca 500 krotakaker. Hardanger Bestikk gav også i år gevinstar.Det møtte ca 60-70 personar i fint sommarver. Innkoma på basaren vart kr 40.065,- brutto.

3 Landsfestivalen i gammaldansmusikk 7.-11. august

Saman med Bu/Ringøy bygdekvinnelag var me vorte spurde om å ha ansvaret for mat til dei frivillige. Det var mykje å førebu, så på førehand hadde me hatt 4 samarbeidsmøte. Me stod for koking av betasuppe, smørjing av rundstykke/ baguettar og koking av kaffi. I tillegg stilte me med 17 kringler til kaffimat. Me delte oss opp i 3 vakter kvar dag. Rundt 20-25 personar var i arbeid. Me måtte gå utanom laget for å få nok folk, nokre tok fleire vakter. I tillegg var det 4 stk. som stod i matteltet og steikte og smurde mjølkekaker ei økt i 2 dagar. Det vart laga mjølkekaker av 44 l mjølk. Me fekk skryt for maten og servicen me ytte, så me sat att med ei god kjensle, sjølv om det vart mykje arbeid og ansvar for ein del av oss. Me takkar alle for god innsats!

4 Samarbeid med Kinsarvik skule 16. og 17. okt.

Også dette året har me hatt baking med 7. klasse i eldhuset. I år var dei 19 stk. som vart fordelte på 2 dagar. Kvar dag vart dei delte i 2 grupper som bakte ca. 1 klokketime kvar. Elevane var arbeidsomme og flinke, ei kjekk oppleving både for dei og oss.

5 Baking av gevinstar til musikklaget sitt farsdagslotteri

I samband med baking med 7. klasse bakte me både før og etter kaker til dette lotteriet.

Andre aktivitetar

❖ Gåturar i nærmiljøet

I mai – juni hadde me 5 gåturar i nærmiljøet på kveldstid med Jorunn N. Opedal som turleiar. Både medlemmer og andre deltok. På den første turen var me 17 stk, elles låg frammøte på 7-10 stykk på kvar tur. Det var fine turar, sjølv om veret ikkje alltid var på vår side. Me avslutta med den lengste turen til Kvamsdal i Eidfjord, med is på «Mett og God» i Eidfjord til slutt.

❖ Verving

Det vart laga nye, fine vervebrosjyrar med Gudbjørg sine bilete som me har brukt i vervearbeitet. Desse vart lagt i postkassar, og elles lagt ut på møta våre. Men me har likevel ikkje lukkast med å få så mange nye medlemmer.

❖ Kurs

- Det har vorte halde perlekurs frå jan. til mars ved Kjellaug Ystanes. Det var eit fint innslag i HF frå perlekurset.
- Det har vorte halde eit flatbrødkurs ved Jorunn N. Opedal i mai.
- Det var planlagt eit Linedance-kurs, men det vart ikkje noko av p.g.a. for få påmelde.
- Det var planlagt 1 krotekakekurs i vår, men det vart ikkje noko av p.g.a. for få påmelde.
- I oktober har me hatt 1 krotekakekurs med nok påmelde. Helene og Jorunn har vore kurshaldarar.

❖ Jubileumsskrift

Dette vart teke med i årsmeldinga for 2018, men kom ut etter årsmøtet. Kostnaden kjem på rekneskapet dette arbeidsåret. Heftet vart sendt til HBK og NBK og heradet bl.a.

❖ Innsending av stoff med bilete

- Til HBK si årsmelding
- Til bladet «Bygdekvinne»

❖ Høyring i fylka om regionreform og konsekvensar sv dette

Styret utarbeidde eit svar på dette som vart sendt.

Løyvingar og gåver

Hårteigen 4H ca kr 700,- (fruktkorger)

Ullensvang Skulemusikklag ca kr 700,- (fruktkorger)

Ullensvang Skulemusikklag 2 gevinstar, kvar 10 stk krotakaker

Gevinst til HBK sitt lotteri kr 500,-

Vennemynten kr 200,-

Hjelpefondet kr 500,-

Levekårsprosjektet ca kr 2080,- til mat og jolegåver.

Lid 4H-klubb i Hordaland-storkurs kr 2000,-

Kinsarvik skule 50 år- gav kr 5000,-

Hårteigen 4H 50 år –gave kr 2000,-

Loddpengane frå oktobermøtet vart gitt til «Raud sløyfe-aksjonen» kr 850,.

Mottekne midlar / gåver

Momskompensasjon kr 2018,-

Grasrotmidlar kr 542,-

Utsendingar til møte.

Det var ingen utsendingar til HBK sitt årsmøte dette året.

Leiar møtte på årsmøte i Fjordahallen utstyrslag.

Leiar møtte på tildeling av H.M.Kongens fortjenestemedalje til Anne Lutro.

Styret møtte på 4 møte med Landsfestivalen i gammaldansmusikk saman med BU/Ringøy bygdekinnelag.

3 frå styret møtte på Bygdekinnestreif på Stord.

Nestleiar møtte på organisasjonskurs i Øystese.

Kongeleg heider

Anne Lutro vart heidra med H.M. Kongens fortjenestemedalje i april 2019.

Til utleige

Brure- og brudgomsbunad , og konfirmantbunader til gutter.

6 konfirmantar frå Kinsarvik, Lofthus og Utne har leigd bunad dette året. I tillegg 1 voksen herrebunad. Hardanger Folkehøgskule har leigd brurebunaden og 4 herre/konfirmantbunader.

Vevstove

Laget disponerer eit rom i Borstova til vevstove. Vevgognene har ikkje vore i bruk på fleire år.

Facebook-side

Laget har eiga facebook-side som Margareth Moberg har ansvaret for.

Heimeside

Laget har ei fin heimeside. Her legg Gudbjørg Grønsdal ut fine bilete og tekst frå dei fleste aktivitetane våre. Gå inn på : Bygdekvinnelaget.no. Vel lokallag.

Me ser tilbake på eit innhaldsrikt arbeidsår. Styret takkar medlemmene for godt samarbeid!

Jorunn Nornes Opedal

skrivar

Helene Olsen

leiar